

Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/4410-4

Fylkestinget erklærer klimakrise i Sogn og Fjordane, jf. Kommunelova kap. 6A om innbyggjarinitiativ

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune erklærer klimakrise. Vi erkjenner at fylket står ovanfor utfordringar som er omfattande og krev ekstraordinære tiltak.
2. Vi ønskjer å styrke klimaomstillinga ved å setje i verk berekraftige tiltak til beste for samfunnet, innanfor naturen sine tolegrenser.
3. Vi oppmodar om å erklære nasjonal klimakrise, då mykje av handlingsrommet ligg på nasjonalt nivå.
4. Dette skal vere eit premiss for det vidare arbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune.

Vedlegg:

- «Erklær klimakrise NÅ! Sogn og Fjordane», innhald og signaturar

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Klimakrisa krev handling no. Dette er kravet til World Saving Hustle, og dei som har signert underskriftskampanjen for at fylkestinget skal erklære klimakrise i Sogn og Fjordane. I tråd med Kommunelova sin § 39 a¹, som gjeld innbyggjarforslag, rår fylkesrådmannen at fylkesutvalet realitetshandsamar framlegget.

Klimaendringane påverkar innbyggjarane i fylket vårt, og i heile verda. Kor omfattande dette blir er avhengig av kor mykje vi gjer for å redusere klimagassutsleppa våre, og kor godt vi klarer å tilpasse oss dei klimatiske endringane.

Det vert etterlyst ei erklæring av klimakrise, for å ta inn over oss alvoret av konsekvensane, og for å setje opp farten på klimaomstillingsarbeidet.

2. Bakgrunn for saka

Det er sett varmerecordar i Noreg og resten av Europa, både sommaren 2019 og sommaren 2018. Også på Vestlandet vart det sett varmerecordar. Samstundes som Europa opplever hetebølgjer vart det sett temperaturrekord t.d. på Grønlandsisen, med rekordstor smelting. Sogn og Fjordane har den seinaste tida også opplevd store vêrvariasjonar. Ekstremvarsel og store nedbørsmengder i fleire deler av fylket har ført til store materielle skader og tap av menneskeliv. Dette er vêrmønster som er venta å få meir av i framtida, som følgje av klimaendringane.

¹ [Lov om kommuner og fylkeskommuner \(kommunelova\)](#)

Klimautfordringane engasjerer innbyggjarar i alle aldrar, frå klimastreikande ungdom, initiert av Greta Thunberg, til *Besteforeldrenes klimaaksjon*. Det vert gjennomført kampanjar, demonstrasjonar, konsertar og andre aktivitetar for å vise engasjementet. Den 30. august vert det arrangert ny klimastreik for ungdom, og i hovudstaden vert dette kombinert med eit «klimabrøl». Klimabrølet er ei markering som har mål om å bli noregshistoria si største partipolitisk uavhengige markering for klimaet.

Grunnen for at saka er fremja

World Saving Hustle har hatt ein underskriftskampanjeⁱⁱ i alle fylka, med oppmoding om at fylkestinga skulle erklære klimakrise. I Sogn og Fjordane kom det inn 665 underskrifter, og i tråd med Kommuneleva § 39 aⁱⁱⁱ, som gjeld innbyggjarforslag, rår fylkesrådmannen til at fylkesutvalet realitetshandsamar framlegget. Fylkestinget pliktar å ta stilling til forslaget dersom 2 prosent av innbyggjarane står bak forslaget, eller ein har meir enn 500 underskrifter.

World Saving Hustle som har initiert underskriftskampanjen har stilt følgjande krav:

1. Vi krev at Sogn og Fjordane erklærer klimakrise, og vi som signerer lovar å stille oss bak og er klare til å hjelpe.
2. Sogn og Fjordane sender ein oppmoding til Regjeringa og ber Noreg erklære klimakrise.
3. Fylkestinget i Sogn og Fjordane har klimakrisa som førsteprioritet.

Vedtak om klimakrise

Hordaland fylkeskommune handsama eit likande innspel i fylkestinget (12.-13.06.2019). Vedtaket lyder

1. Hordaland fylkesting erklærer at vi nå lever i en klima- og miljøkrise
2. Fylkesrådmann bes sikre at dette er et premiss for videre arbeid i Hordaland og nye Vestland.

Andre fylkeskommunar som har erklært klimakrise er mellom anna Vestfold, Oppland, Trøndelag, Troms, Akershus og Hedmark, i tillegg til kommunar som m.a. Bergen og Bodø.

Klima i Sogn og Fjordane

Regionale planar - Regional plan for klimaomstilling 2018-2021

Klimaomstilling krev både utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samfunnsending på vegen til eit nullutsleppssamfunn. Overordna mål i klimaplanen er at vi «saman skal få til ei klimaomstilling i Sogn og Fjordane», dette for å gjere fylket «smartare, tryggare og grønare». I grønare står det skildra at fylket tek minst sin del av dei nasjonale måla.

Nasjonale mål er ein utsleppsreduksjon på 40 % i 2030, frå referanseåret 1990, og at ein i 2050 skal ha redusert klimagassutsleppa med 80-95 % frå utsleppsnivået i 1990^{iv}.

Andre regionale planar og strategiar, der berekraftig samfunnsutvikling og klimaomstilling er i fokus er mellom anna [Regional planstrategi \(2016-2020\)](#), [Regional transportplan 2018-2027](#), [Verdiskapingsplanen](#), [Regional strategisk plan for kysten](#) og [Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur](#).

Utsleppsstatistikk for Sogn og Fjordane

Statistikken tilgjengeleg for kommunar og fylkeskommunar frå Miljødirektoratet omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor fylkeskommunen si geografiske grense. Indirekte utslepp som t.d. varer og tenester som innbyggjarar og fylket forbrukar inngår ikkje. For å lykkast med ei klimaomstilling må ein redusere både direkte og indirekte klimagassutslepp.

Statistikken viser at Sogn og Fjordane i frå 2009 til 2017 har hatt ei auke i klimagassutsleppa på 104 504 tonn CO₂-ekvivalentar, noko som utgjør ein **6,3 %** auke. Dette utsleppet er 16 tonn CO₂-ekvivalentar per innbyggjar i 2017^v. Til samanlikning er verdsgjennomsnittet 4,8 tonn per innbyggjar^{vi}.


ⁱⁱ <https://minsak.no/sak/1807>

ⁱⁱⁱ [Lov om kommuner og fylkeskommuner \(kommuneleva\)](#)

^{iv} [Lov om klimamål \(Klimaloven\)](#)

^v [Miljødirektoratet, Klimagassutslepp i Sogn og Fjordane, 2009-2017](#)

^{vi} [Global Carbon Budget 2018](#)



Kjelde: Miljødirektoratet, Klimagassutslepp i Sogn og Fjordane, 2009-2017^{vii}.

Vi gjennomførte i 2018, som del av kunnskapsgrunnlaget for felles planstrategi, ei klimakost-analyse for både Sogn og Fjordane og Hordaland fylke. Resultata er vist i [«Vestland – Statistikk og utviklingstrekk»](#).

Klimakost-analysen syner at vi har store klimagassutslepp knytt til bussrutene, fylkesvegferjene og båttrutene våre. Regional transportplan skissere ei gradvis reduksjon^{viii} i klimagassutslepp fram mot 2050. Fyrste milepåle er anbudsrunder for hurtigbåt, då fylkeskommunen skal ha på plass nye kontraktar på alle hurtig- og lokalbåttrutene med oppstart 01.05.2022. Utsleppa frå desse rutene utgjer om lag 50 % av klimagassutsleppa frå kollektivtrafikken i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Rapportar og publikasjonar

FN sitt klimapanel

Klimaendringane må løysast gjennom globalt samarbeid, gjennom nasjonale, regionale og lokale tiltak. Det globale samarbeidet skjer innanfor rammene til FN sin klimakonvensjon, og samarbeidet blei konkretisert gjennom Paris-avtalen frå 2016. Ein rapport bestilt av FN sitt klimapanel (IPCC) såg melom anna på forskjellen av konsekvensane ved 1,5 grader og 2 grader temperaturauke, og kva som må til får å avgrense jorda si temperaturauke til 1,5 grader^{ix}. Rapporten peikar på at det er mogeleg å halde seg under 1,5 grader, men omfanget av endringar er enormt og må skje innan særst kort tid. Dei kommande 11 år må vi i så fall halvere klimagassutsleppa våre.

I august presenterte IPCC ein rapport om landareal og klimaendringar^x, som omhandlar måten vi produserer mat på, kva slag mat vi et og korleis vi forvaltar landområda. Faren for «mat-usikkerheit» er høg dersom den globale oppvarminga passerer 1,5 grader, og svært høg om den vert 2 grader varmare.

FN sitt naturpanel

FN sitt naturpanel publiserte i mai 2019 ein rapport som konkluderte med at menneskeleg aktivitet trugar eksistensen til ein million artar^{xi}. I Norsk Rødliste (2015) er det 4438 artar, derav 1235 nært trua. Arealbruksendringar er den største trusselen for det biologiske mangfaldet^{xii}, dette i tillegg til direkte utnytting av organismar, klimaendringar, forureining og spreining av framande artar^{xiii}. Å bevare urørt natur vil vere viktig for å ta i vare økosystema.

^{vii} [Miljødirektoratet, Klimagassutslepp i Sogn og Fjordane, 2009-2017](#)

^{viii} [Regional transportplan 2018-2027, Gradvis reduksjon av klimagassutslepp](#)

^{ix} [Global Warming of 1,5 °C, Summary for Policymakers, IPCC 2018](#)

^x [Climate Change and Land, Summary for Policymakers, IPCC 2019](#)

^{xi} [Global Assessment Report on Biodiversity and Ecosystem Services, IPBES 2019](#)

^{xii} [Miljøstatus](#), Miljødirektoratet

^{xiii} [FN-sambandet](#)

Klimaprofil Sogn og Fjordane^{xiv}

Alle fylka har fått utarbeida Klimaprofil som gir oversikt over klimarelaterte problem innan eige fylke. Profilane er meint å nyttast som kunnskapsgrunnlag i overordna planlegging. Då dei nasjonale forventningane til fylkeskommunar og kommunar^{xv} blei publisert i mai 2019, blei desse trekt fram som ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for å klimatilpasse samfunnet.

3. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Ei klimaomstilling og auka fokus på ei berekraftig samfunnsutvikling har økonomiske konsekvensar. Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune har mellom anna løfta fram dei økonomiske konsekvensane av utslppsreduksjon i kollektivsektoren. Fylkeskommunen jobbar med å stille strengare miljøkrav ved innkjøp og anbudsrundar for hurtigbåt. Det kan vere ein økonomisk belastning å gå for dei klimatiltaka som aukar kostnadane, når fossile alternativ kjem betre ut. Dette kjem i tillegg til kostnadane av å klimatilpasse fylket for å redusere konsekvensane av, og sårbarheita for klimaendringane.

Rettslege konsekvensar

Fylkeskommunen sine planar og arbeid tek utgangspunkt i vedtekne regionale planar og strategiar, grunnlova (§ 112), nasjonale forventningar, statlege planretningslinjer og Klimalova, naturmangfaldslova, vassforskrifta, og internasjonale forpliktingar som berekraftsmåla og Paris-avtalen. Ei erklæring av klimakrise er ikkje rettsleg bindande.

Plankonsekvensar

Ei kriseerklæring må følgjast vidare opp med tiltak og handling. Klimaomstilling og klimautfordringar er inkludert i arbeidet med felles planstrategi for Vestland fylkeskommune. I «Vestland – Utfordringar for fylket og for regionane» (vil bli publisert innan kort tid) vert mellom anna desse hovudutfordringane løfta fram av 10 hovudutfordringar i det nye fylket:

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft

FN sine berekraftsmål er lagt til grunn for arbeidet med felles planstrategi for Vestland fylke.

Klima- og miljøkonsekvensar

Utsleppsstatistikken vi har tilgjengeleg og rapportar frå FN sitt klimapanel og naturpanel syner at det ikkje vert gjort tilstrekkeleg for å nå 1,5 gradersmålet i Paris-avtalen.

Konsekvensane vert meir og meir synlege, og bevisstheita kring utfordringane aukar. Fylkeskommunen har ei viktig rolle i korleis ein handtere desse utfordringane, og må jobbe aktivt for å redusere konsekvensane og gå føre i arbeidet med å klimaomstille oss.

4. Konklusjon

Konsekvensane for dagens og framtidige generasjonar grunna klimaendringa er store. Det vert ikkje gjort nok for å få tilstrekkelege klimakutt. Vi har starta omstillingsarbeidet, og møter store utfordringar i korleis handtere dette på ein heilskapleg og berekraftig måte.

Dei nasjonale klimamåla er vedtatt å vere minimumsmål for oss^{xvi}. Statistikken viser vi ligg langt etter i høve 30 % utslppskutt i 2020^{xvii}. Ved å erklære klimakrise stadfestar fylkeskommunen at vi står ovanfor ei krise som påverkar samfunnet. Vi må intensivere arbeidet med klimaomstilling og gjere fylket vårt smartare, tryggare og grønarare.

^{xiv} [Klimaprofil Sogn og Fjordane 2016](#)

^{xv} [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)

^{xvi} [Regional plan for klimaomstilling 2018-2021](#)

^{xvii} Miljømål 5.1, [Miljøstatus](#)

Ei erklæring av klimakrise krev handling. Det er naudsynt med ei brei mobilisering, og samarbeid og innsats på tvers av alle nivå.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å råde fylkestinget til å erklære klimakrise, og oppmodar til intensivering av klimaomstillingsarbeidet i Sogn og Fjordane og vidare i Vestland fylkeskommune.